# Meland kommune

Jm Norge AS
Postboks 453
1327 LYSAKER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Marianne Aadland Sandvik | 10.12.2018 |
| Vår: 18/2777 - 18/25834 | marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no | |

# Varsel om tilsyn - Tilsyn etter gitt ferdigattest - gbnr 23/548 Løypetona

| | |
| --- | --- |
| Tiltak: | Tilsyn etter gitt ferdigattest |
| Byggjestad: | Gbnr: 23/548 |
| Tiltakshavar: | Jm Norge AS |
| Ansvarleg søkjar: | Tippetue Arkitekter AS |

Meland kommune viser til gitt ferdigattest for blokk 1 og 2 i Løypetona, datert 6.2.2017, sak 14/1590 og 14/1595.

Vi har fått melding frå styret i Løypetona sameige, v/Steinar Langenes, om at blokkene på enkelte punkt kan ha blitt oppført i strid med då gjeldande byggteknisk forskrift (TEK10). Det vert vist til følgjande:

- Svært glatte svalganger (i 2. og 3. etg.). Trappene har same utføring.
- Fukt og soppdanning i garasjeanlegget, samt tilhøyrande bodar.
- Vatn frå 2. og 3. etg renn ned på terrassane under.
- Takrennene tek ikkje imot vatnet frå taket.
- Heissjaktene er våte og skallar maling i botn. Ein har rapport frå KONE som påpeiker dette. Kan gå ut over motor og tekniske installasjonar.
- Fleire svalgangar i blokk 2 manglar renne i planta, slik at vatnet renn fritt.
- Mange av søylene har store sprekker. Stoltz helt på med utbetring no.

På bakgrunn av det ovannemnde har administrasjonen vurdert det slik at vi må føre tilsyn i byggjesaka. Vi viser i den samanheng til plan- og bygningslova (pbl) § 25-2 andre ledd som gjev kommunen heimel til tilsyn i inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt. Det vil i den samanheng bli synfaring på eigedomen **torsdag 3. januar 2019 kl 13.00.**

Det er ønskjeleg at representant frå utbyggjar og ansvarleg søkjar stiller på synfaringa, samt styreleiar i sameige for blokk 1 og 2 og styreleiar for Løypetona realsameige.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Marianne Aadland Sandvik<br>Juridisk rådgjevar byggjesak |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jm Norge AS | Postboks 453 | 1327 | LYSAKER |
| Steinar Langenes | | | |
| Tippetue Arkitekter AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |
| Tormod Leknessund | | | |